

# Fysisk lågterskeltilbod for born og unge

## «BREKKELØYPA»

### Informasjon - Aktivitetsløypa «Brekkeløypa»

«Brekkeløypa» er ei grusa aktivitetsløype i Knarvik. Løypa går rundt eit vatn i nydelege natur og er ca. 1800 meter lang. Der er fleire tilkomststiar til fjellet frå grusløypa. Heile grusvegen har belysning. Løypa er sær populær for alle aldersgrupper. Målingar viser at det er i snitt rundt 700 menneskje som nyttar løypa kvar dag – **skuleklassar**, trimmarar, løparar, **barnehagar**, **unge**, gamle og funksjonshemma.



## **Brukarar**

Barnehagane brukar løypa til turar og aktivitetsområde.

Barneskulane, ungdomsskulane og vidaregåande skule brukar området til trening, ekskursjonar og løpstestar.

Særs mange familiar brukar løypa til turar og trening. Vinterstid vert løypa nytta til skigåing og innerste delen med grusa bakke opp frå rundløypa vert nytta til aking.

Estimert er det ca 250 born og ungdom som nyttar løypa dagleg.





## Drift

KnarvikMila / FIL AKS-77 har totalt investert 2,6 mill. i aktivitetsløypa – med lys, bord og benkar.

KnarvikMila driftar løypa med tanke på vedlikehald og oppjusteringar. I tillegg kostar vi belysning (investering og drift) av 1,8 km rundløype og ca 700 meter grusa løype opp til «vanntanken».

Vedlikehaldet vert drifta på dugnad av ei pensjonistgruppe som arbeider kvar tysdag. Vedlikehaldet består i grøfting, skifting av drenerør, grusing, kantklipping, vedlikehald avstandsskilt etc.

Årlege kostnadar varierer og i 2017 planlegg vi å leggja nytt toppdekke av grus i heile løypa.



## Utvikling

Vi har som mål å utvikla løypa vidare, med utandørs treningsapparat tilpassa funksjonshemma, boccia bane, gapahuk, samlingsplass/kai ved vatnet, samt utviding av løypa enkelte stader.



## Søknad om tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for born og unge

Brekkeløypa er ein flott arena for både organisert trening for born og unge, men og for uorganisert trening. I tillegg er det ein viktig arena for å få born og unge ut i naturen. Løypa ligg sentralt til i Knarvik med idrettsanlegg og parkeringsplassar i området, samt borne- ungdoms- og vidaregåande skular tett inn på området. Løypa vert nytta av bebuarar i Knarvik, men og frå heile regionen og Bergen.

KnarvikMila AKS-77 er ein frivillig organisasjon og er avhengig av økonomisk hjelp frå sponsorar og tilskotsordningar for å kunne oppretthalda aktiviteten og kvaliteten i løypa. Løypa er eit gratis tilbod.

Vi skal grusa løypa på nytt i 2017 og dette arbeidet har ei kostnadsramme på kring kr. 100.000,-. KnarvikMila AKS-77 vil bruka kr. 50.000,- av eigenkapitalen og **søkjer med dette om stønad kr. 50.000,-**




## Brekkeløypas Venner

KnarvikMila AKS-77 har skipa ein ny foreining kalt «Brekkeløypas Venner». Foreininga vart skipa i desember 2016 og har allereie ein medlemsmasse på 300 medlemmar. Bakgrunnen for danning av «Brekkeløypas Venner» er å skapa nokre inntekter for å kunne drifte løypa. Medlemskontingenten vil i sin heilhet vera eigenkapitalen til KnarvikMila AKS-77 i høve prosjektet grusing av løypa 2017.



### Brekkeløypas venner



**Top Left:** "Løypa har hatt stor betydning for at eg kom tilbake etter skade. Løypa er eit super alternativ til asfaltsporing. Den er gull verd"  
- Alf Fjeldstad, ein av AKS-77 beste veteranløparar

**Top Right:** "Veldig bra å gå i løypa! Klarer ikkje så mykje bakkar og då er løypa perfekt. Deilig å vere ute og komme til en plass med godt underlag. Kjempefint tilbud til alle!"  
- Gerd Øvretveit, pensjonist

**Middle Left:** "Løypa er fin å springe rundt. Bra at det er mange som brukar løypa - det er sosialt. Vi har fast trening i løypa mandag og onsdagar"  
- Kristoffer Færev, ungdomskulelev som liker å trens

**Middle Right:** "Løypa er ekstremt viktig for elevs, ungdom og vaksne i Knarvik. Alltid like kjekt med det yrende folkelivet der. For skulen er det eit viktig bidrag for å verta den språkaste ungdomskulen i landet"  
- Olaf Hella, rektor Knarvik Ungdomsskule

**Bottom Left:** "Veldig glad for løypa. Barnehagen brukar løypa og området mykje. Vi arrangerar JuvkatotenMila i Brekkeløypa i KnarvikMila kvar år alle borna er med. Starste ungane brukar og fjellet"  
- Mari Myrene Bleikli, assisterande styrar i Juvkatoten barnehage

**Bottom Right:** "Brekkeløypa er kjempefin for elevene i den vidaregåande skule. Ligg tett inn til resten av idrettsanlegget. Godt alternativ i undervisningsfaget"  
- Helga Færev, kroppsøvingslærar på Knarvik Videregående skule

## Budsjett – prosjekt grusing av løypa 2017

<b>Inntekter</b>			
Medlemskontigent Brekkeløypas Venner	310	300	93 000
<b>Søknad - HFK lågterskeltiltak</b>	<b>1</b>	<b>50 000</b>	<b>50 000</b>
KnarvikMila egenkapital	1	13 500	13 500
<b>Sum inntekter</b>			<b>156 500</b>

<b>Kostnader</b>			
Medlems t-skjorte Brekkeløypas Venner	310	150	46 500
Diverse verktøy/utstyr	1	10 000	10 000
Grus til løypa	1	100 000	100 000
<b>Sum kostnader</b>			<b>156 500</b>

<b>**Dugnadstimar</b>			
5 pensjonistar i snitt 3 timar kvar tirsdag: 15 timar pr veke			750 timar
Eigeninnsats grusing 5 dagar - 6 personar - 4 timar			120 timar

### Oppsummering

Brekkeløypa er rekna av helsetenesta som Nordhordlands største og viktigaste Folkehelseiltak. Løypa er særst viktig for born og ungdommars fysiske utvikling og gleda av å vera i naturen.

KnarvikMila AKS-77 ønskjer å ta godt vare på løypa, samt vidareutvikla løypa til å verta endå meir attraktiv for born og unge. På sikt ønskjer vi treningsapparat, område for møteplassar med lavvo og gapahukar.

Vi håpar at De har høve til å støtta vårt prosjekt som er eit lokalt/regionalt friluftstiltak som legg til rette for det enkle friluftslivet.

Knarvik 14.februar 2017

Med vennleg helsing  
KnarvikMila AKS-77

Eddie M. Ebbesvik  
Dagleg leiar